



Budsjett 2025
Økonomiplan 2025–2028

**BJORNA
FJORDEN**



KOMMUNE

Framtidstru for alle!

Tillit, samarbeid, entusiasme, respekt og framsnakk
må skapa kommunen vår!

Bjørnafjorden kommune må byggjast vidare på tillit, samarbeid, og den krafta som ligg i dei attraktive lokalsamfunna våre og det varierte næringslivet vårt. Ressursar og resultat kjem ved å skapa både i lag – og på lag.

Vi skal vera takksame for at fleire ser til Bjørnafjorden både for å etablere næring og for å busetje seg. Vi er stolte over det etablerte næringslivet vi har, samstundes som vi skal vera tydelege på at vi ønskjer fleire velkomne. Vi må framleis finna gode nye næringsområde for ulike bransjar og behov.

Det har vore og er tøffe tider for mange av innbyggjarane våre. Tida vi lever i er spesiell med dyrtid og krig rundt oss. Når det i tillegg kjem endringar i kommunen sine tenestetilbod, skapar det endå meir usikkerheit som kan utløysa både motløyse og redsel. Dette er viktige faktorar å vera klar over for oss alle. Kommunikasjon og rett informasjon blir svært viktige element for å tryggja både tilsette og innbyggjarar i dei omstillingstidene som ligg framfor oss – ikkje berre lokalt, men i heile kommune-Noreg. Kva slags samfunn skal Bjørnafjorden vera? Og korleis kan kvar einskild av oss bidra og eventuelt påverka det?

Vi vil takka alle frivillige som engasjerer seg for andre. Det blir gjort svært mykje godt arbeid for samfunnet vårt gjennom frivillig arbeid, og vi er avhengige av at folk med interesse, kapasitet og restarbeidsevne kan vera med på å byggja gode og trygge lokalsamfunn. Dei fleste som engasjerer seg frivillig seier at det beste med å «ta eit tak» er at det gjer ein sjølv godt!

Tida vi no står i krev at vi har mange tankar i hovudet på ein gong. Det er ei tid som krev at vi gjer endringar og søker nye løysingar– samstundes som vi i desse første åra av økonomiplanperioden brukar meir av sparepengane våre. Slik er det i krevjande tider i privatøkonomien – og slik må det vera når fellesskapet sin økonomi er sterkt pressa.

Overordna kommentarar til budsjettet

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan viser tydeleg den vanskelege økonomiske situasjonen kommunen er i, og kommunen dreg med seg store overskridingar frå føregåande års budsjett. Samstundes legg kommunedirektøren fram eit budsjett utan eigedomsskatt. Bjørnafjorden Arbeidarparti støttar dette.

For innbyggjarane i kommunen vil eigedomsskatt no, koma på toppen av høge og aukande kommunale avgifter, i tillegg til dyrtida. I budsjettet legg kommunedirektøren opp til å setja inn meir midlar der ein ser at tidlegare kuttforslag har vore urealistiske og ikkje gjennomførbare. Dersom det er ei tid for å bruka kommunen sine sparepengar, så er den tida komen no, og vi treng både tid og ressursar til å kunne klara endå meir omstilling. Agenda Kaupang sitt prosjekt med å jobba heilskapleg med heile «Innsatstrappa» vert eit spanande prosjekt å følgja.

Vi må ta innover oss den svært tøffe tida og usikkerheita mange av dei tilsette i kommunen opplever. Mange har stått i konstante nedtrekk og organisasjonsendringar i årevis. Vi må anerkjenne at det røyner på, og det må gjevast god, open og ærleg informasjon både overfor dei tilsette og til innbyggjarane.

Lovbrot som er avdekkja dei siste åra, og tilsyn som peikar på feil og manglar, krev at vi endrar retning og rutinar, sjølv om det fører til auka pengebruk. Vi som folkevalde har eit stort ansvar som arbeidsgjevarar, og vi må syna dei tilsette respekt gjennom både ord og handling.

Eit tett og godt samarbeid med dei tillitsvalde er heilt avgjerande i gode prosessar, og ein må vurdera om det bør setjast inn auka ressursar både på HR og i tillitsvaldapparatet. Rett informasjon, involvering og anerkjenning er heilt essensielle faktorar for t.d. å kunna redusera sjukefråvær, rekruttera, kvalifisera og behalda kompetanse.

Arbeidarpartiet forventar at dei ekstra midlane frå regjeringa til styrking av bemanning i barnehage og SFO, vert brukte til nettopp det. Vi meiner at dette er eit godt tiltak for reduksjon i sjukefråvær og auka rekruttering. Ekstra løyvingar som kjem, anten det er til psykisk helse eller som her, med barnehage og SFO, må det rapporterast på til politisk nivå gjennom formannskap og kommunestyre.

Tilrettelegging for folk med nedsett funksjonsevne og inkludering av personar utanfor arbeidslivet, kan bli heilt avgjerande for at vi klarer å bemanna kommunen slik at vi kan levera dei tenestene vi har ansvaret for.

Arbeidarpartiet er svært skuffa og sjokkerte over at talet på lærlingar i kommunen vår har gått drastisk ned. Hausten 2024 er det berre 29 lærlingar på plass, og det er altfor lite! Vi forventar at kommunedirektøren og den politiske leiinga raskt kjem med tiltak som gjer at vi fyller dei lærlingplassane som det *er* budsjettert for. Mangel på arbeidskraft og fagfolk er ein stor trussel mot å kunna gjera dei oppgåvene vi er pålagde. Vi som kommune har eit stort samfunnsansvar for å kvalifisera og utdanna ungdommane våre, men også gjennom tiltak som «fagbrev på jobb», «Menn i helse» og andre kvalifiserings- og utdanningstiltak.

Arbeidarpartiet gjer følgjande endringar i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2025 og økonomiplanperioden 2025–2028

INVESTERINGSBUDSJETTET

Helse og velferd:

Omsorg+

Bjørnafjorden Arbeidarparti vil også i dette budsjettet synleggjera kor viktig det er å koma i gang med satsinga på Omsorg+ bustader. Det er heilt naudsynt å raskt etablera fleire slike bustader. Vi meiner at kan setjast i gang enkle og raske endringar fleire stader i kommunen, slik at ein kan tryggja fleire eldre, og spara driftskostnader i andre enden. Ein treng ikkje venta på fleire planar kring dette. Slik rask etablering kan vera Gamleheimshagen, Gymnasvegen, Eikhovdaheimen og Baldersheim helsetun. Vi ser for oss at Omsorg+ vert gradvis fasa inn desse stadane. Noverande bebuarar skal ikkje flyttast mot si vilje.

Bjørnafjorden Arbeidarparti synleggjer dette ved å leggja inn 5 millionar kvart år til Omsorg+.

Oppvekst:

Etablering av lokale til utekontakten i Os sentrum

Det er viktig å møte ungdommen der ungdommen er. Difor ønskjer Bjørnafjorden Arbeidarparti å få etablert eit fast lokale til utekontakten, sentralt plassert i Os sentrum, **og legg inn 300 000 kroner til dette.**

Lærebøker og praktisk undervisningsmateriell

Bjørnafjorden Arbeidarparti ønskjer å styrkja ferdigheitane til elevane i skulen, samstundes som vi vil redusera skjermbruken. Dette gjer vi ved å investera i fleire trykte lærebøker. Vi vil også gje skulane høve til å investera i meir praktisk undervisningsmateriell. **Bjørnafjorden Arbeidarparti løyver 2 millionar til dette formålet i 2025.**

Samfunnsutvikling:

Redusere bygge/prosjekteringskostnader ved Grantun

Bjørnafjorden Arbeidarparti meiner at ein må sjå på dette investeringsprosjektet ein gong til, slik at ein kan **reduera investeringskostnader og byggekostnader med 1 million kroner.**

Fikse-BUA

BUA Bjørnafjorden ønskjer å etablera ein eigen verkstad for utstyrsreparasjon og småsnekring. På Fikse-BUA vil dei leggja til rette for at ungdommar som fell utanfor av ulike årsaker, og som treng å bli inkludert i positive aktivitetar, kan koma til verkstaden for praktisk arbeid, læra nye ferdigheiter, utvikla seg og oppleva meistring. BUA har knytt til seg pensjonistar og frivillige som ønskjer å bidra som rettleiarar med kunnskap, ferdigheiter og omsorg. Fikse-BUA skal vera ein møteplass på tvers av generasjonar, der ein motverkar utanforskap for ungdom, ved å tilby dei opplæring, nettverk og ein plass å høyra til. Dessutan ønskjer BUA at dei kan vera ein stad som kan gje arbeidstrening til ungdom med utfordringar i skulen og/eller sosialt, og som treng jobberfaring under rettleiing for å oppleva meistring.

Bjørnafjorden Arbeidarparti meiner dette er eit godt prosjekt, og legg inn 150 000 kroner til etablering av eit slikt tilbod.

Ventilasjonsanlegg Kommuneetnet

Bjørnafjorden Arbeidarparti ønskjer ikkje å selja Kommuneetnet i Eikelandsosen, men behalda det og bruka det på best mogleg vis. Det medfører at naudsynte oppgraderingstiltak må gjennomførast, og **vi legg inn 1,5 millionar kroner til oppgradering av ventilasjonsanlegget i bygget i 2025.** Summen er i tråd med det kommunedirektøren anslår av kostnadar til dette i sitt budsjettdokument (s. 161).

DRIFTSBUDSJETTET

Helse og velferd:

For styrka innsats på psykisk helse, sjå seksjonen for Oppvekst og midlar til ekstra kommunepsykolog.

Mindre nedtrekk i dimensjonering institusjonar og heimetenester

Bjørnafjorden Arbeidarparti anerkjenner at ein må setja i gang eit prosjekt for å sjå på heilskapen i framtidas helse- og omsorgstenester i kommunen. Vi forventar tett rapportering til politiske utval og kommunestyret.

Vi kan likevel ikkje støtta kommunedirektøren sitt framlegg til innsparingar gjennom dimensjonering av tenestene. Sektoren har i årevis stått i svært krevjande endringar og store innsparingskrav. Bjørnafjorden Arbeidarparti meiner det ikkje er realistisk å oppnå så store innsparingar, og vi er uroa for både sjukefråværet og bemanningssituasjonen. **Bjørnafjorden Arbeidarparti legg difor inn 10 millionar kroner i mindre nedtrekk enn kommunedirektøren for kvart av åra i økonomiplanperioden.**

Prosjektpilot «Fleire hender»

Bjørnafjorden Arbeidarparti trur det er mogleg å redusera utgiftene til variabel løn i helse- og velferdssektoren. Vi vil foreslå eit pilotprosjekt der vi tilset servicevertar på utvalde avdelingar på Luranetunet eller Fusa BBS. Desse servicevertane skal utføra oppgåver som ikkje er helserelaterte, som til dømes matsservering, rydding, bretteing av klede og anna forefallande arbeid. På den måten får vi fleire hender tilgjengeleg på avdelingane, noko som vil avlaste dei øvrige tilsette. Tilsetjingar og arbeidsoppgåver må definerast og gjennomførast i tett samarbeid med fagforeiningane. Det er ein føresetnad at stillingane vert utlyste som heile stillingar i prosjektperioden. **Bjørnafjorden Arbeidarparti legg inn 5 millionar kroner i 2025 til dette prosjektet.**

Oppvekst:

Styrking av oppvekstsektoren

Bjørnafjorden Arbeidarparti vil styrkja oppvekstbudsjettet. Det trengs fleire midlar til forebygging, tidleg innsats, miljøarbeid og meistring, psykisk helse og midlar til gratis møteplassar og ungdomsarbeid. **Vi legg difor inn 3 millionar kroner årleg som skal nyttast inn i følgjande arbeid:** Miljøarbeid/meistring på mellomtrinnet i skulane, helsesjukepleieressurs, tidleg innsats, og tiltak for born med store hjelpebehov.

Prosjektering av friidrettsanlegget i Os idrettspark

For å få fortgang i arbeidet med utbetring av friidrettsanlegget på Os idrettspark, og unngå at kommunen må betala tilbake spelemidlar som i si tid vart gitt til dette arbeidet, **set Bjørnafjorden Arbeidarparti av 500 000 kroner til prosjektering og utgreiing.** Det må vera ein føresetnad at det denne gongen ikkje vert gjort tilsvarende snarvegar i arbeidet som i 2014 og 2015.

Auke i driftstilskot til idrettsanlegga

Driftstilskotet til dei ulike idrettsanlegga i kommunen har lege på same nivå i mange år, og pris- og renteauken dei siste åra har gjeve mykje trongare rammer for idrettsanlegga.

Bjørnafjorden Arbeidarparti legg difor inn 300 000 kroner årleg i auka driftstilskot.

Alternativ til vold

Stiftinga Alternativ til vold (<https://atv-stiftelsen.no/>) gav eit godt tilbod til familiar i kommunen som har opplevd vald då Bjørnafjorden kommune hadde avtale med stiftinga. Tilbodet var noko alle i kommunen kunne kontakta utan tilvising, og barneverntenesta hadde dette som eit tiltak dei kunne foreslå for familiar som var i kontakt med dei. I budsjettvedtaket i desember 2023 vart avtalen sagt opp. **Bjørnafjorden Arbeidarparti meiner dette er eit særst viktig tilbod, og vel å leggja inn igjen dei midlane som vart kutta: 710 000 kroner.**

Midlar til Open Hall Fjorden Arena og UngArena Bjørnafjorden

Gode og gratis møteplassar for ungdommane våre er eit heilt nødvendig tilbod å oppretthalda. **Bjørnafjorden Arbeidarparti vel difor å leggje inn 900 000 kroner for å sikra desse tilboda,** fordelt slik at 300 000 går til Open Hall i Eikelandsosen, og 600 000 går til UngArena på Osøyro. Dersom det kjem midlar frå Bufdir eller andre aktørar, skal dei pengane gå til fleire opningsdagar eller arrangement/tiltak for ungdom i regi av Open Hall og/eller UngArena.

Kommunepsykolog

UngData-undersøkinga for Bjørnafjorden kommune viser eit tydeleg behov for meir innsats innan psykisk helse blant barn og unge. Barn og unge treng også tilbod om rask psykisk helsehjelp. **Bjørnafjorden Arbeidarparti legg difor inn 1,2 millionar kroner årleg til ei ekstra kommunepsykologstilling.** Kommunepsykologstillinga må nyttast slik Oppvekst og Rus/psykisk helse finn det naudsynt.

Lærlingekoordinator

Bjørnafjorden Arbeidarparti legg til grunn at midlane som er avsett til lærlingar i kommunens budsjett, vert nytta på lærlingar etter intensjonen. Det har tilsynelatande vore vanskar med god koordinering av arbeidet med etablering og oppfølging av lærlingplassar, **og difor legg Bjørnafjorden Arbeidarparti inn 500 000 kroner til dette koordineringsarbeidet.**

Torsdagsgruppa

Torsdagsgruppa som Frp/H/KrF valde å leggja ned i budsjettvedtaket frå desember 2023, har sidan fått tilført private midlar som sikrar drift fram til og med 2026. **Bjørnafjorden Arbeidarparti vil sikra vidare drift av dette viktige tilbodet, og legg inn 520 000 kroner årleg dei to siste åra i økonomiplanperioden.**

Samfunnsutvikling:

Parkeringsordning Osøyro

Bjørnafjorden Arbeidarparti meiner det er for tidleg å endra på betalings- og tidsreglar for parkeringsløyvinga på Osøyro. Vi meiner også at Os Sentrumsforening må inviterast inn i drøfting av eventuelle endringar. **Bjørnafjorden Arbeidarparti budsjetterer difor med 500 000 kroner i mindre inntekt enn kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett.**

Re-etablering av næringsfond

Bjørnafjorden kommune treng eit næringsfond. Næringsfondet kan mellom anna fungera som støtte for eit kapitalbehov for dei som har ein forretningsidé, har planar om å etablere verksemdar, eller vidareutvikla eksisterande føretak. Midlane kan på den måten bidra til kompetanseheving, omstilling, nyetablering, innovasjon og nyskaping. Eit slikt må byggast opp over fleire år, og det må vera mogleg å søka om midlar frå fondet. Kommunedirektøren får i oppdrag å laga retningslinjer for bruken av næringsfondet, og utarbeida kriterier for tildeling etter søknad. **Bjørnafjorden Arbeidarparti legg inn 2 millionar kroner kvart år i økonomiplanperioden, og desse midlane skal hentast frå Havbruksfondet.**

Friluftslivets år og turlaga i kommunen

I 2025 er det Friluftslivets år, og Bjørnafjorden Arbeidarparti meiner det er ein god måte å markera feiringa av naturen og friluftslivet ved å **legga inn 100 000 kroner i tilskot til Fusa Turlag, og 100 000 kroner til Os Turlag.** Det vil vera ei velkomen påskjøning til det gode arbeidet som desse frivillige laga gjer for å skapa eit godt og folkehelsefremjande samfunn i kommunen vår.

Bibliotek

Bjørnafjorden Arbeidarparti ønskjer å styrka og fremja bruken av biblioteket som både møteplass og kunnskapsberar. Det er difor ikkje mogleg for oss å gje støtte til nedtrekka som er skisserte og lagt inn frå 2027. Vi må først få ei konkret politisk sak til handsaming som tek opp alle aspekt, inkludert lokalisering, dimensjonering og ikkje minst kva vi i Bjørnafjorden kommune vil at biblioteka våre skal vera. **Bjørnafjorden Arbeidarparti fjernar difor nedtrekka på 4 millionar kroner i 2027 og 2028.**

Ikkje ta utbytte frå BUS

I tråd med skriv frå Bjørnafjorden Utviklingsselskap (BUS) A/S der det vert sagt at det ikkje bør leggst opp til å ta utbytte frå BUS for 2024 med utbetaling i 2025, vel **Bjørnafjorden Arbeidarparti å ta bort denne inntekta frå budsjettet for 2025, og legg difor inn 10 millionar kroner som ekstra kostnad i driftsbudsjettet.**

SALDERING

Driftsbudsjettet går i minus i 2025 og vert saldert gjennom premiefondet i 2025. Dei resterande åra i økonomiplanperioden går driftsbudsjettet med overskot, og dette overskotet vert tilbakeført kommunale disposisjonsfond. Investeringsbudsjettet går i pluss i 2025, og overskotet vert tilbakeført disposisjonsfonda. Resten av økonomiplanperioden budsjetterer vi med balanse.

Ekstra statlege overføringar

Bjørnafjorden Arbeidarparti har tru på ein auke i dei statlege overføringane til kommunane dei kommande åra, og budsjetterer med ei ekstra inntekt på 20 millionar kroner i 2025, og 15 millionar kroner i kvart av dei påfølgjande åra i økonomiplanperioden.

Ekstra inntekter Havbruksfondet

Bjørnafjorden Arbeidarparti har også tru på auka inntekter frå Havbruksfondet dei kommande åra, og budsjetterer difor med 10 millionar kroner i ekstra inntekter kvart år frå Havbruksfondet gjennom heile økonomiplanperioden.

Sal av eigedom

Bjørnafjorden Arbeidarparti er glade for at kommunedirektøren set fokus på eigedomsforvaltning i sitt investeringsbudsjett ved å peika på avhending av ueigna bustadmasse, og anskaffing av nyare og meir eigna bustader. Det er gjort mykje godt arbeid etter at ein fekk på plass kompetanse på eigedomsforvaltning, og Bjørnafjorden Arbeidarparti har store forventningar til både framdrift for og inntekt til kommunen. Dette gjeld sal av alt vedtekte eigedomar/tomter, men også framtidige nye objekt som t.d. i Lyseparken, Samnøy (gjennom BUS A/S) og tomter som ligg i Fusa Utviklingsselskap si portefølje.

Bjørnafjorden Arbeidarparti vil også leggja den gamle brannstasjonen i Eikelandsosen ut for sal og budsjetterer med inntekter på 6 millionar for den i 2025. Vi budsjetterer også med sal av annan kommunal eigedom for 6 millionar i 2025, og 5 millionar for kvart av dei påfølgjande åra i økonomiplanperioden.

Bruk av kommunetunet i Eikelandsosen

Bjørnafjorden Arbeidarparti går ikkje inn for sal av Kommunetunet i Eikelandsosen. Kommunetunet må utviklast, ikkje avviklast, og bygget må fyllast med folk og aktivitet. Slik aktivitet kan ein til dømes få gjennom å leiga ut rimeleg til frivillige lag og organisasjonar, eller til marknadspris til andre interessantar. **Bjørnafjorden Arbeidarparti meiner det kan arbeidast betre og meir målretta med framleige og utleige av ledige lokale i Eikelandsosen og legg inn ei driftsinntekt på 400 000 frå dette.**

Anskaffingar ved investering/prosjekt og innkjøp

Bjørnafjorden Arbeidarparti legg inn ein gevinst på 500 000 kroner gjennom å oppnå kostnadsreduksjonar ved anskaffingar og innkjøp ved investering/prosjektering, og ved ordinære driftsinnkjøp.

Endringer i høve kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett (tal i 1000 kr)	2025	2026	2027	2028
INVESTERING				
Omsorg+	5 000	5 000	5 000	5 000
Etablere lokale for utekontakten i Os sentrum	300			
Ventilasjonsanlegg kommunetunet i Eikelandsosen	1 500			
Redusere byggekostnader Grantun	-1 000			
Fiksebua (gjennom BUA/Os Frivilligsentral)	150			
Lærebøker og praktisk undervisningsmateriell	2 000			
Saldering: Sal av gamle brannstasjon i Eikelandsosen	6 000			
Saldering: Sal av anna kommunal eigedom	6 000	5 000	5 000	5 000
DRIFT				
Helse: Mindre nedtrekk i dimensjoneringa	10 000	10 000	10 000	10 000
Helse: Pilotprosjekt Fleire hender	5 000			
Oppv: Alternativ til vold	710	710	710	710
Oppv: Drift av Open hall i Eikelandsosen	300			
Oppv: Ekstra driftstilskot UngArena på Osøyro	600			
Oppv: Styrking av oppvekst	3 000	3 000	3 000	3 000
Oppv: Tilsetja ekstra kommunepsykolog	1 200	1 200	1 200	1 200
Oppv: Torsdagsgruppa i skulen			520	520
Oppv: Ressursar til lærlingekoordinator	500	500	500	500
Oppv: Auke driftstilskot til idrettsanlegga	300	300	300	300
Samf: Avsetjing til næringsfond	2 000	2 000	2 000	2 000
Samf: Prosjektering sentralidrettsanlegg Kuventræ	500			
Samf: Behalda parkeringsordninga på Osøyro	500	500	500	500
Samf: Ikkje nedtrekk på biblioteka			4 000	4 000
Samf: Midlar til Fusa turlag og Os turlag	200			
Samf: Ikkje ta utbytte frå BUS	10 000			
Saldering: Ekstra statlege overføringar	20 000	15 000	15 000	15 000
Saldering: Ekstra inntekter Havbruksfondet	10 000	10 000	10 000	10 000
Saldering: Framleige og utleige av ledige kontor i Eikelandsosen	400	400	400	400
Saldering: Oppnå kostnadsreduksjonar ved anskaffingar og innkjøp	500	500	500	500

Endringar i driftsbudsjettet	2025		2026		2027		2028	
Helse: Mindre nedtrekk i dimensjoneringa	kr	10 000 000	kr	10 000 000	kr	10 000 000	kr	10 000 000
Helse: Pilotprosjekt Feire hender	kr	5 000 000						
Oppv: Alternativ til vold	kr	710 000	kr	710 000	kr	710 000	kr	710 000
Oppv: Drift av Open hall i Eikelandsosen	kr	300 000						
Oppv: Ekstra driftstiltaks UngArena på Osøyro	kr	600 000						
Oppv: Styre oppvekt: miljøarbeid/meistringsteam på mellomtrinnet, helsestulekolearressurs, tidleg innsats	kr	3 000 000	kr	3 000 000	kr	3 000 000	kr	3 000 000
Oppv: Tilsetta ekstra kommunepsykolog	kr	1 200 000	kr	1 200 000	kr	1 200 000	kr	1 200 000
Oppv: Ressursar til lærlingekoordinator	kr	500 000	kr	500 000	kr	500 000	kr	500 000
Oppv: Torsdagsgruppa	kr	500 000	kr		kr	520 000	kr	520 000
Oppv: Prosjektering sentraltidrettsanlegg Kuventræ	kr	300 000	kr	300 000	kr	300 000	kr	300 000
Oppv: Auke driftstiltaks til Idrettsanlegga	kr	2 000 000	kr	2 000 000	kr	2 000 000	kr	2 000 000
Samf: Avsejing til næringsfond	kr	500 000	kr	500 000	kr	500 000	kr	500 000
Samf: Behalda parkeringsordninga på Osøyro	kr		kr		kr	4 000 000	kr	4 000 000
Samf: Bibliotek: ikkje nedtrekk	kr	200 000						
Samf: Midlar til Fusa turlag og Os turlag i forb. med friluftlivets år	kr	10 000 000						
Samf: Ikkje ta utbytte BUS	kr	20 000 000	-kr	15 000 000	-kr	15 000 000	-kr	15 000 000
Saldering: Ekstra statlege overføringar	-kr	400 000	-kr	400 000	-kr	400 000	-kr	400 000
Saldering: Framleige og utleige av ledige kontor i Eikelandsosen	-kr	500 000	-kr	500 000	-kr	500 000	-kr	500 000
Saldering: Oppna kostnadsreduksjonar ved anskaffingar og innkjøp ved investering/prosjektering og ordinære driftsinngjerp	-kr	10 000 000	-kr	10 000 000	-kr	10 000 000	-kr	10 000 000
Saldering: Havbruksfondet ekstra	kr	3 910 000	-kr	7 690 000	-kr	3 170 000	-kr	3 170 000
Sum driftsbudsjett	kr	3 910 000	-kr	7 690 000	-kr	3 170 000	-kr	3 170 000
Endringar i investeringsbudsjettet								
Helse: Omsorg+	kr	5 000 000	kr	5 000 000	kr	5 000 000	kr	5 000 000
Oppv: Etablere lokaler for utekontakten i Os sentrum	kr	300 000						
Oppv: Lærebocker og praktisk undervisningsmaterieil	kr	2 000 000						
Samf: Fiskebua (gjennom BUA/Frivillighetsentralen)	kr	150 000						
Samf: Redusere byggekostnader Grantun	-kr	1 000 000						
Samf: Ventilasjonsanlegg Kommunetunet	kr	1 500 000						
Saldering: Sal av gamle brannstasjon i Eikelandsosen	-kr	6 000 000	-kr	5 000 000	-kr	5 000 000	-kr	5 000 000
Saldering: Sal anna kommunal eigedom	-kr	6 000 000	-kr					
Sum investeringsbudsjett	-kr	4 050 000	kr	-	kr	-	kr	-

Framlegg til vedtak

Bjørnafjorden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2025 og økonomiplan 2025–2028, justert for dei endringane som kjem fram i dette dokumentet.

Verbalforslag

Dersom budsjettet ikkje får fleirtal, ber vi om at desse etterfølgjande verbalforslaga vert voterte over separat og punktvis.

1. Vi ber kommunedirektøren ha sterkt fokus på arbeidsmiljø og sjukefråvær, og aktivt nytta seg av tilboda frå NAV for å styrka personalomsorga og nærværarbeidet i kommunen. Det er viktig å anerkjenna endringstrøytteleik hjå dei tilsette i dei mange pågåande omstillingsprosessane. Det er viktig at det vert gjeve god leiarstøtte og tryggleik rundt omstillingsprosessane. Eit tett og godt samarbeid med dei tillitsvalde er heilt avgjerande. Vi ber kommunedirektøren drøfta om det bør setjast inn auka ressursar både på HR og i tillitsvaldapparatet.
2. Vi oppmodar kommunedirektøren til å halda fram arbeidet med å få etablert ei felles takstzone for kollektivtrafikken i heile kommunen.
3. Vi ber kommunedirektøren om å halda trykk på arbeidet med å etablere kollektivterminal og planlegging av parkering i fjell på Osøyro, og etablere fleire innfartsparkeringar i kommunen.
4. Vi ber om at kommunen sine rammekontraktar/rammeavtaler blir gjort synlege på kommunen sine nettsider. Informasjon må visa type kontrakt, leverandør og tenestemråde samt start/sluttdato og inkludert eventuelle opsjonsvilkår.
5. Bjørnafjorden kommune har eit stort samfunnsansvar når det kjem til kvalifisering av arbeidskraft. Vi ber om at Bjørnafjorden kommune sitt måltal for lærlingar skal vera minst 2 pr. 1000 innbyggjarar.
6. Vi ber kommunedirektøren sørgja for at dei midlane til lærlingar som ligg inne i budsjettet, blir brukte til føremålet. Vi ber også om at det blir rapportert tilbake til tenesteutvalet på utviklinga i talet på lærlingar i løpet av 2025.
7. Vi ber kommunedirektøren sjå på moglegheitane for å etablere eit krematorium i Bjørnafjorden.
8. Vi ber kommunedirektøren sjå etter alternative tomter for plassering av dei neste mikrohusa, og koma tilbake med sak i 2025 på kostnad samt plassering av desse.

9. Vi ber kommunedirektøren om å greia ut kva dei økonomiske kostnadane vil vera ved å få på plass ei permanent løysing for «Seniordrosje»-ordning, og førebu ei sak til politisk handsaming av dette.
10. Vi ber om ei politisk sak om flytting av Torgbygget til ein ny lokasjon, med kostnadsoversyn på dette.
11. Sjukefråværet, særleg blant kvinner, skuldast ofte muskel- og skjelettplager. Personar med slike plager har ofte mindre smerter ved auka innetemperatur. Vi ber difor kommunedirektøren setja i gang ei forsøksordning ved ein kvinnedominert arbeidsplass i kommunen, der innetemperaturen vert auka, slik at ein kan sjå om dette kan bidra til nedgang i sjukefråvær.
12. Vi ber kommunedirektøren om å få opp sak om revidering av kommunal trafikksikringsplan slik at Holsundvegen/Holmefjord kan koma opp som prioritert tiltak. Det må også arbeidast for at trafikksikring langs Holsundvegen kjem inn i regional transportplan for Vestland i 2025.
13. Vi ber kommunedirektøren prioritera utgreiingsarbeidet om oppgradering og utviding av Lysekloster barnehage.
14. Vi ber kommunedirektøren setja i gang arbeid med å få etablert retningslinjer for bruk av Klimafondet.
15. Vi ber kommunedirektøren arbeida for at det vert etablert fleire ladestasjonar i kommunen, med særskilt fokus på austsida.
16. Vi ber kommunedirektøren om å følgja opp områdeplanen i Eikelandsosen med tanke på utvikling av kollektivterminal, busshaldeplass og innfartsparkering.
17. Vi ber kommunedirektøren utgreia moglegheitane for å få til eit varig og sikkert vern av Osmarka, og leggja fram ei sak om dette til politisk handsaming i kommunestyret.
18. Vi ber om jamleg rapportering til formannskap og kommunestyre på kommunen sin bruk av ekstraløyvinga frå Regjeringa til auka bemanning i barnehage og SFO. Dette er midlar som må nyttast slik dei er tiltenkte, og ikkje gå rett inn i drifta.